



NVE Postboks 5091,
Majorstuen 0301 Oslo

Røldal Fjellstyre
5760 Røldal
Org. Nr.: 975 690 229

Røldal, 17.09.2025

Innspel NVE - vilkårsrevisjon - tilleggskommentar i etterkant av befarings 03.september

Røldal fjellstyre deltok på befarings av RSK-anlegga som vart arrangert 03. september i samband med den pågåande vilkårsrevisjonen, og konsesjonssøknaden, til RSK.

NVE opna då munnleg for at deltakarane kunne sendte ytterlegare skriftlege innspel. Fjellstyret ynskjer å nytte denne moglegheita.

Røldal fjellstyre er tidlegare informert om at NVE har pålagt RSK ytterlegare utgreiingar rundt villreinen. Dette har fjellstyret vore tilfreds med. Dessverre visar det seg at pålegget frå NVE ikkje dekkjer «breitt nok» ut frå Røldal fjellstyre sine forventningar og innspel.

Fjellstyret visar til skrivet «Pålegg om ytterligere villreinundersøkelser i forbindelse med søknad om tre nye pumpekraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget» - datert 29.01.2025.

Der finn ein fylgjande innleiing:

NVE ber om ytterligere undersøkelser av konsekvenser for villrein i forbindelse med søknad om pumpekraftverkene Novle 2, Røldal 2 og Kvanndal 2 i Røldal-Suldalsvassdraget. I rapporten skal det særlig vurderes hvilken betydning utbyggingen vil ha for villreinens trekkmuligheter som følge av mer variasjon av vannstanden i Votnavatn og Holmavatn, og dermed mer usikker is. Det må vurderes konsekvenser for villreinbestandene både i Setesdalsområdet og Hardangerviddaområdet.

Røldal fjellstyre ynskjer å tydeleggjere at ein har ei forventning til at omsyna til villreinen også vert vurdert som ein del av vilkårsrevisjonen. Det vert hevda at endringar i klima, både no og framtidige, vil gjere vinterferdsel på isdekte magasiner problematisk, og direkte uttrygt.

Alternative traséar inn i Valldalen, og inn på Hardangervidda, må i så tilfelle nyttast. Nye ferdsselsårer er potensielt problematisk for villreinen.

Røldal fjellstyre ynskjer soleis å understreke at ein har ei forventning om at det også vert stilt krav til auka kunnskapsgrunnlag også om faktorar som «berre» gjeld vilkårsrevisjonen.

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Me visar vidare til tilbakemelding frå RSK («RSK sitt svar til Ullensvang kommune ang. ytterligere utredning knyttet til villrein» - datert 03.oktober), kor det blir visst til Fagrapportane som blei utarbeida i 2019. Røldal fjellstyre må nytte høvet, endå ein gang, til å understreke at utredningsprogrammet som det vert visst til IKKJE er godt nok. Å tilnærma ignorere konsekvensane noverande kraftutbygging har på villreinen på Hardangervidda kan ikkje vere godt nok i ein slik prosess.

Fjellstyret kjenner seg heller ikkje igjen i at utredningsprogrammet er basert på «innspill fra lokale organisasjoner og ressurspersoner etter lokale prosesser som ble styrt av kommunene». Fjellstyret vart ikkje involvert i prosessen. Me kjenner heller ikkje til at andre lokale «ressurspersonar» var involvert. Om det er kommunane, konsulentfirmaet, eller RSK, som har «skuld» i eit dårleg forankra, og utarbeida, utredningsprogram, treng verken Røldal fjellstyre eller NVE, ta stilling til. Ein forsvarleg objektivt kunnskapsgrunnlag er naudsynt, uavhengig av kven, eller kvifor, det er utarbeida.


Røldal fjellstyre er kjent med at NaturRestaurering AS nyleg er byrja arbeidet med nye fagrapportar. (Fjellstyret har blant anna delteke på eit innspelsmøte denne veka.) Dei visar i møtet til pålegget frå NVE. Dette gjer soleis at fjellstyret er uroa kva konsekvensar avgrensingane i pålegget vil ha for det endelege kunnskapsgrunnlaget.

Fjellstyret oppfattar pålegget til NVE til å ivareta fjellstyret sine bekymringar rundt endra istilhøve, og dermed ferdsel, rundt Votnamagasinet. Ein meiner det same ikkje er tilfelle for Valldalsmagasinet.

Røldal fjellstyre oppmodar med dette NVE til å påleggje RSK til å også oppdatere kunnskapsgrunnlaget for villreinen på Hardangervidda, både sett i ljøs av dagens kraftanlegg, men også i samband med konsesjonssøknaden.

Ein tenkjer då primært på kva konsekvensar endra ferdsel vinterstid (då primært i Valldalen), vil få. «Hypotesen» til fjellstyre er at usikker is på Valldalsvatnet vil flytte vinterferdselen opp i fjella rundt Valldalsvatnet. Og dermed godt inn i Hardangervidda villreinområde. Moglege konsekvensar, og eventuelle utlemper, må belysast.

mvh



Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal fjellstyre